

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norge

--- POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

--- TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

--- INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

--- Org.nr.: 987 059 729

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201100420-32

STAD/DATO:
, 29.06.2021

SVAR TIL HØYRINGSUTTALER TIL SØKNAD OM FRÅVIK FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET - TROLLHEIM KRAFTVERK

Viser til dykkar mail av 17.06.2021 der dykk ber om kommentarar til innkomne uttaler til vår søknad om dispensasjon frå manøvreringsreglementet:

Statsforvalteren i Møre og Romsdal kommenterer at dei legg til grunn at nedtappinga vil skje skånsamt for å unngå unødig stranding av fisk. Vidare at vatn i Surna vert prioritert, og at ein ser helst at arbeidet med øvre inntak vert gjort parallelt.

Rindal kommune har ingen merknader.

Surnadal kommune har ingen merknader.

Surna elveeierlag kommenterer at: «*Surna elveeierlag er opptatt av at minstevassføringa nedstrøms Trollheim kraftverk blir ivaretatt, og at når det blir gjennomført forbitapping av vann i sidevassdrag, at nedstenging blir gjennomført på en slik måte at det ikke medfører stranding. Vi ber derfor om at NVE utarbeider et reglement som statkraft må forholde seg til, og som vil sikre at fiskeyngel ikke vil bli utsatt for stranding når nedstengingsperioden gjennomføres. Etter vårt syn, må Folla også inkluderes i dette når det blir gjennomført forbitapping av vann for å opprettholde minstevannføringen ved Trollheimen kraftverk.*»

Fiskeraksjonen for Surna skriv at: «*Fiskeraksjonens store bekymring er om vannmengden i elva blir brutt, for eksempel at vannet i Rinna og Bulu fryser samtidig som Follsjø er tom. I en sånn situasjon vil elva bli tørrlagt, og egg og laksunger strander nedenfor kraftverket.*» Vidare at om fare for tørrlegging oppstår må anleggsaktiviteten stoppest til vassføringa i Surna er tilbake. Dei kommenterer og som Statsforvaltaren at bygginga av øvre inntak bør gjerast samstundes. Som siste moment ber dei NVE «*kvalitetssikre er at Folla og Surna på ingen måte blir en «søppelfylling» der sedimenter og annet uønsket materiale blir sendt på elva i steden for å bli deponert på egne områder. Slamfellene må fungere både under og etter reparasjonene av dammene.*»

Statkraft sine kommentarar er som fylgjer:

--- SAKSBEHANDLAR/ADM.EINING:
Kåre Hønsi

--- TLF./FAX:
004791173219 /

--- E-POST:
Kare.Honsi@statkraft.com

--- SIDE:
1/2

Nedtappinga av magasina vil skje med tilnærma normal hastigheit, men tidspunktet for når magasina er tomme vil avvike. Normalt er vi nede før smeltesesongen tek til, men den eine vinteren magasina skal plastrast oppstraums må vi kome ned midt på vinteren.

Søknaden vart sendt før OED si avgjerd om endeleg resultat av vilkårsrevisjonen. Teknisk utrusting for minstevassføring i Rinna og Bulu er no under planlegging og tidspunkt for etablering er enno ukjent.

Den største risikoen knytt til prosjektet er at ein ikkje får vasstanden tilstrekkeleg ned på vinteren når oppstraums plastring skal ta til, spesielt i Gråsjø der tappekapasiteten er avgrensa. Vêrtilhøva midtvinters for denne fasen av prosjektet er og av stor betydning. I denne perioden vil bekkeinntaka vere stengd og alt tilsiget vil gå naturleg i elvane. Innfrysing i turre periodar er ein risiko, men etter vår vurdering ikkje større enn normalt.

Det er Statkraft sitt mål å halde den skjønnsplagte minstevassføringa på 15 m³/s gjennom heile perioden, og dette vil bli prioritert som nemnt i søknaden. At vi gjennom perioden har betydeleg mindre magasinkapasitet grunna arbeidet, gjer dette meir krevjande enn normalt, og risikoen for at dette ikkje går om vi får unormalt turt ver er betydeleg høgare enn normalt. Vi vil overvake dette grundig og nytte alt vårt tilgjengelege modellapparat til å både redusere sannsynlegheita for å ikkje klare kravet og eventuelle konsekvensar, om veret vert unormalt turt. Skjønnet legg føringar for vår agering i slike tilfelle. Naturleg vassføring i Surna vinterstid kan gå under 5 m³/s. Dersom vi ser fare for ikkje å kunne halde 15 m³/s vil ei redusert vassføring på rundt 10 m³/s kunne vere aktuelt ein periode.

Dersom vêrtilhøva gjer det umogeleg å kunne halde minstevassføringskravet, har det ingen verknad å stoppe anleggsarbeidet. I slike tilfelle er det tilsig som kan gjenopprette vassføringa, og arbeidet påverkar ikkje dette. Dess raskare arbeidet går fram, dess meir magasineringskapasitet vert tilgjengeleg då vasstanden kan stige etter kvart som plastringsarbeidet kjem oppover i dammen. Auka mogelegheiter til magasinering reduserer risikoen for at ein ikkje klarer kravet.

Vedrørande bekymringa knytta til sedimenter og slamfeller viser vi til detaljplan for landskap og miljø for prosjektet, samt utsleppstillatelsen prosjektet har fått.

Arbeidet med eit øvre inntak i Follsjø er i planleggingsfasen, og det er enno litt for tidleg å konkludere med tidspunkt og andre detaljer for gjennomføring. Tidleg start av planlegginga er gjort for å kunne ha mogelegheit til samordningsvinst, men det er avgjerande at framdrift og risiko for dam prosjektet ikkje vert negativt påverka. Vidare kan vi opplyse om at etableringa av inntaket ikkje er avhengig av nedtrapping av Follsjø under LRV.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur.